

November
2022

Flatøyposten

Siste nytt og oppdateringer på oppslagstavlen

Førjulshelsing frå styret

Vi går mot tid for julelys, pepperkakehus og kaldare dagar. Ungane treng berre litt rim på bakken, så er dei klare for å finne fram akebrett. For dei som skal ut å køyre tidleg på morgonen, er det nok ikkje like stas å skrape bilruta, med frosne fingre og med pust som ei kvit sky. Vi håpar at store og små hugsar å ta på refleksen før dei går ut døra og at alle som køyrer bil er ekstra merksame i haust- og vintermørket. Vi er glade for at bygdelaget, saman med 4H kan vere med å sette fokus på trygg ferdsel med Trafikkfestival.

Ekstra koseleg trur vi også at det blir med julebingo. Det er tydeleg at bygdefolket sett pris på å møtast igjen, så ta gjerne kontakt med styret om du kunne tenkje deg å lage til juleverkstad, kakaotur, quiz eller andre aktivitetar. Vi gler oss til å sjå meir av dykk i tida framover.



Trivelig haustfest på skulen

22. oktober var det dekkja til fest på skulen

Unge og gamle, innfødde og tilflyttarar møttes til triveleg lag i Sørstova på Flatøy Skule. Praten gjekk livleg frå dei første gjestane kom og til lenge etter den oppsette tida for å avslutte. For gamle kjente var det ei kjekk stund med oppdateringar på nytt i bygda og for dei som ikkje har like lang fartstid her på øya var det anledning til å verte betre kjent.

Litt utpå kvelden vart det spela opp til dans og det var fleire som svinga seg på golvet. Eit kulturelt innslag fekk vi også, med høgtlesing frå Husmorlaget si lagsbok.

Dette falt i smak hos tilhøyrarane og kanskje er det ikkje alt som har forandra seg så mykje opp igjennom åra? I alle fall ikkje når det gjeld folket. Bygdelaget er heldige å ha nokre av desse lagsbøka, men det ryktast at det finnes fleire bøker av denne typen og vi ville blitt veldig glade om vi kunne fått låne desse bøkene og forsøkt å digitalisere dei.

Styret og komiteen takkar alle som var med og gjorde kvelden vellukka!

Trafikkfestival

Måndag 28.11
kl 18-19:30

Bygdelaget er så heldige at vi har fått midlar frå Vestland fylkeskommune til å arrangere trafikkfestival. Følg bygdelaget på Facebook for meir informasjon framover.

Treningstimen

I haust er det oppstart for kvardagstrening for bygdefolket i barnehagebygget.

Trening for alle aldre og nivå. Alle er velkommen til ei sosial og gøy samling med kondisjon- og styrketrening.
SØNDAGAR KL 20-21. Kr 25,- pr gong.
10 plasser. Påmelding på Facebook gruppa «Treningstimen» eller kontakt Karina Flatøy på sms 46413895. VELKOMMEN!



Julebingo

Søndag 04.12
kl 17:00

Det vert julebingo på Flatøy skule. Ta med deg naboen til eit kjekt førjulstreff.

Oppdatering av medlemsregister

Bygdelaget oppdaterar medlemsregisteret

På årsmøtet til Flatøy Bygdelag vart det vedteke endring i vedtektene i punkt

§2 Medlemskap

a) Medlem

Alle fastbuande på Flatøy, og som betaler kontingent, er medlem av bygdelaget. Alle medlemmar har stemmerett frå det året dei fyller 15 år. Årsmøtet fastset medlemskontigenten.

Det er viktig for bygdelaget å ha god oversikt over medlemmane våre. Det gjer det blant anna enklare å søke om midlar til både drift og

vedlikehald og til ulike arrangement og aktivitetar. Ofte er det slik at barn og unge utløyser meir midlar og desse har vi, til no ikkje hatt oversikt over.

Vi ynskjer også å oppdatere kontaktinformasjon til medlemmane, slik at vi kan nå ut med viktig informasjon som t.d. dato for årsmøtet eller andre store arrangement. Denne informasjonen vert sjølvsagt ikkje delt med andre aktørar.

Bygdelaget er medlem i Vellenes Fellesorganisasjon og frå dei har vi fått rettleiing i korleis vi skal

forhalde oss til oppbevaring og oppdatering av medlemslista vår.

Vi har laga ei digital løysing for registrering av medlemsinformasjon og håpar så mange som mogeleg vil nytte denne. Dersom du ikkje får det til, kan du kontakte kasserar Svein Magne Krossnes på tlf 93096961.



Kontaktinformasjon til Flatøy Bygdelag

E-post: flatoybygdelag@outlook.com

Styrelciar:

Anne Charlotte Johannesen - tlf 40891698

Nestleiar:

Alise Bruvik Sudmann - tlf 99536221

Kasserar:

Svein Magne Krossnes - tlf 93096961

Skrivar:

Karina Flatøy - tlf 46413895



Styremedlemar:

Ole-Christian Dale - tlf 40395404

Steinar Hansen - tlf 90561206

Jeanette Flatøy - tlf 9935384

Varamedlemar:

Vibecke Samuelsen - tlf 99502911

Ingeborg Vangdal - tlf 41513527

Roar Sudmann - tlf 91175841

Utleigeanvarleg: Ole-Christian Dale- tlf 40395404

Kontingent 2022

Har du betalt kontingent for 2022?


Det vert ikkje sendt ut faktura, men medlemskap er gyldig etter innbetaling av kontingent.

Enkeltmedlem kr 150,-

Husstand kr 300,-

Innbetaling til kontonummer 3632.07.03128

Hugs å merke innbetaling med namn i merknadsfeltet.



Husgruppa

Arbeid med skule- og barnehagebygget

Årsmøtet 2022 vedtok å sette saman ei gruppe som skal arbeide med omregulering av bygga våre, samt vurdere kva som skal gjerast med barnehagebygget (sal/utleige). Gruppa er i gang med arbeidet, og ventar å ha dette klart som ei sak til årsmøtet 2023.